



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2933 - 17/24059

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

04.12.2017

Søknad om bygging av landbruksveg - Stemmavegen del 2 på Gbnr. 25/11 og 16 Fosse i Meland kommune

Tiltak: Bygging av landbruksveg på ca. 40 meter i vegklasse 3
Gbnr: 25/11 og 16
Kommune: 1256 Meland
Frist for uttale: 18.12.17

Meland kommune har motteke søknad frå Aud Sølvi Fosse Drengenes om å få byggje ein landbruksveg på Fosse. Det vert søkt om å få byggje ein veg i vegklasse3 på ca. 40 meter. Vegen vil vere ein forlenging av Stemmavegen, som vart godkjent for bygging i 2016.

Vegen vil nyttast 70 % til landbruksformål, kor 35 % er jordbruk og 35% er skogbruk. Vegen vil gje betre tilkomst til areala på bruket og vil gjere landbruksdrifta enklare. Ein veg vil gjere skjøtsel, drift og tilsyn av areal enklare i nedbørsrike periodar der barmarkskjøring vil gje skader på innmark. Vegen vil gje lettare tilkomst til skogareala som ligg sør for tunet på garden, slik at skjøtsel og tilsyn av skogen vil kunne gjerast lettare. Vidare er ein veg eit viktig tiltak for å kunne forvalta og driva skogen på ein effektiv måte.

Vegen har 30 % andre interesser, og det er her tenkt på tilkomst til våningshuset. Den gamle gardsvegen til tunet er smal, og har svakare bæring i regnperiodar. Vegen er også for liten til lastebilar, og det er blant anna vanskeleg å få septikkbilen bort til tunet for slamtømming. Vegen vil vere ein betre og meir effektiv tilkomst til areal og tun.

Etter forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar, Kap.3 sakshandsamin g, vedtak og vilkår mv § 3-1, skal kommunen før eit vedtak fattast, innhenta dei uttaler som er naudsynte, jf. § 1-1. Kommunen ynskjer å klarleggje om det er automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne på staden før søknaden vert handsama. Saka vert oversendt Hordaland Fylkeskommunen og kulturavdelinga i Meland kommune for uttale.

Kommunen sender også saka over til Fylkesmannen i Hordaland for uttale jf. § 3 i landbruksvegforskrifta, der Fylkesmannen vert gitt høve til å uttale seg i sakar om nybygging av skogsbilvegar.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedlagt følger søknaden, kart med planlagt vegtrase og oversiktskart.

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

20171204134701

20171204134717

Kopi til:

Aud Sølvi Fosse Drengenes

6924

HARDBAKKE

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland Fylkeskommune
v/kultur- og idrettsavdelinga
Meland kommune v/
kulturavdelingen

Postboks 7310

5020

BERGEN

Postboks 7900

5020

BERGEN